

# AVD.297

**Fagforbundet Gloppen**



**Nr.1 2023**

**1.Årgong**

# Nyhet!

**Styret i Fagforbundet Gloppen har bestemt oss for å gje ut minst to informasjonshefter i året. Eit på sommarhalvåret og eit på vinterhalvåret. Hefta vert sendt ut per e-post til medlemmane og vil ligge på nokre arbeidsstadar. Gjennom heftet, kan de som medlemmer få eit innblikk i kven vi tillitsvalte er og noko av det vi arbeider med. I hefta skal de kunne lese om kva som går føre seg i avdelinga, og finne informasjon om komande arrangement gjennom året.**

## **Nytt ifrå 01.01.23.**

Ifrå 01.01.23 vart det rimelegare å være yrkesaktiv medlem i Fagforbundet. Medlemskontingenten for yrkesaktive medlemmer vart sett ned i frå 1,45% til 1.2% av brutto inntekt, med eit maks tak på 746,- kroner per måned. I tillegg har fagforeiningsfrådraget auka ifrå 5500,- til 7700,- kroner.

## **Nytt ifrå 01.02.23.**

På årsmøte 31.01.23 vart det vedteke å innføre ei lokal stipendordning. Kvar einskild medlem kan få dekkja inntil 3000,- kroner for yrkesfaglege kurs/konferansar. Dokumenterte utgifter må leggast ved søknad til styret.

Alle som har vore yrkesaktive medlemmer i minimum seks månadar i Fagforbundet Gloppen, kan ved å legge fram godkjend dokumentasjon, få utbetalt 6000,- kroner for fullført fagbrev.

Kvar einskild Klubb, kan gjennom søknad til styret, få dekkja hundre kroner per medlem to gongar i året. Pengane skal gå til klubb møter og verve aktivitet. I særlege høve kan ein få dekkja eit større beløp.

Søknad om stønad, og dokumentasjon på fullført Fagbrev, sendast til:

[fagforbundet@gloppen.kommune.no](mailto:fagforbundet@gloppen.kommune.no)

## Kontaktinformasjon Fagforbundet Gloppen

### Løiar og yrkesseksjonsleiar kontor og administrasjon

Gunnvor Sunde

e-post: [sundegunnvor@gmail.com](mailto:sundegunnvor@gmail.com)

mobil: 979 55 677

### Nestleiar og Fane2 ansvarleg/medlemsregisteret

Anne-Grete Hoddevik

e-post: [annhodd@online.no](mailto:annhodd@online.no)

mobil: 991 56 963

### HTV for KS området

Tone-Kristin Morken

e-post: [fagforbundet@gloppen.kommune.no](mailto:fagforbundet@gloppen.kommune.no)

Mobil: 979 91 046

### Opplæringsansvarleg

Kjartan Henning Verlo

e-post: [kjartan\\_henning@hotmail.com](mailto:kjartan_henning@hotmail.com)

mobil: 958 75 627

### Yrkesseksjonsleiar Helse og sosial

Marie Evebø Sæthre

e-post: [marie.e.sathre@gmail.com](mailto:marie.e.sathre@gmail.com)

mobil: 990 28 059

### Yrkesseksjonsleiar Kyrkje kultur og oppvekst

Eva Helen Solheim

e-post: [evahelensolheim@hotmail.com](mailto:evahelensolheim@hotmail.com)

mobil: 977 82 550

### Yrkesseksjonsleiar samferdsel og teknisk og kasserar

Christa Linders

e-post: [christa.linders73@gmail.com](mailto:christa.linders73@gmail.com)

mobil: 401 89 029

### Ufør og pensjonisttillitsvalt

Björg-Vigdis Sivertsen

e-post: [bjorg-vigdis.sivertsen@enivest.net](mailto:bjorg-vigdis.sivertsen@enivest.net)

mobil: 950 79 600

### Ungdomstillitsvalt

Simone C. Morken

e-post: [simone.morken@gmail.com](mailto:simone.morken@gmail.com)

mobil: 471 80 519

### Styremedlem HTV KS og sekretær

Tone-Kristin Morken

e-post: [tonekristinmorken@gmail.com](mailto:tonekristinmorken@gmail.com)

mobil: 950 27 011

### 1.vara

Sølvi Austrheim

e-mail: [solviaustrheim61@gmail.com](mailto:solviaustrheim61@gmail.com)

mobil: 900 73 192

### 2.vara

Ksenija Presern

e-mail: [ksenija.presern@gmail.com](mailto:kсенija.presern@gmail.com)

Mobil: 949 73 192

## Hendingar på ny året



Styret takka Bjørg-Vigdis av med songinnslag.



Randi Aanonsen delte ut blomster og vase.

## Årsmøte 2023

31. januar arrangerte Fagforbundet årsmøte på Gloppen hotell. Det var godt oppmøte 48 medlemmer deltok denne kvelden. Elevar ifrå Firda gymnas opna møtet med vakker song og musikk. Randi Aanonsen var gjest på årsmøte. Forutan vanlege årsmøtesaker, vart det delt ut 25 års nål til Hilde H. Ravnstad, Jorunn Akse, og Asbjørg Eikenes. Grethe Gausdal, Elsa Sandbekk og Haldis Kårstad, fekk utdelt 40 års nål. Bjørg-Vigdis Sivertsen vart takka av etter ti år som leiar i avdelinga, ho vert framleis sitjande i styret som tillitsvalt for uføre og pensjonistmedlemmer. Gunnvor Sunde tok over stafett pinnen og vart ny leiar i Fagforbundet Gloppen. Gloppen hotell skuffa ikkje, vi vart traktert av kjekke servitørar og det var god mat. Kvelden vart avslutta med bordkonkurranse. Det var ein fin kveld med god stemning. Årsmøteprotokollen vert lagt ut på Heimesida til Fagforbundet Gloppen så snart den er underskriven.

<https://www.fagforbundet.no/fagforeninger/vestland/avd297/>



10. februar besøkte Bjørg-Vigdis Sivertsen Rygg barnehage, alle som var medlem fekk utdelt reflex vest, og Anette Holvik (bildet) vart ynskt velkomen i avdeling 297 som ny tillitsvalt for Rygg barnehage.

## 02.mars møttest plasstillitsvalte, ungdomstillitsvalt og seksjonsleiarar til Lokal tillitsvalt samling.

Hensikta med desse samlingane er å danne eit lokalt nettverk der ein kan dele erfaringar og gje kvarandre støtte og råd. Nokre samlingar har opplæring som tema, andre gongar har vi oppe ulike saker som skal drøftast. Dette fyrste møte i 2023 hadde vi Lag møte, Klubb møte, og arbeidsstadbesøk oppe som tema. Deltakarane vart delt inn i to grupper, helse for seg, og oppvekst og samferdsel/teknisk for seg. Planen er at seksjonsleiarane, i saman med tillitsvalte, skal innom alle arbeidsstadar innanfor sin sektor denne våren. Når dei kjem, vil dei gjerne høyre korleis de har det og kva som er viktig for dykk medlemmer.



Her ser de gruppa for oppvekst og samferdsel/teknisk til venstre og gruppa for helse på bildet til høgre.

## 03.mars Nettverksmøte for HTV i Nordfjord

HTV har eigne nettverkssamlingar for avdelingane i Nordfjord, vi samlast om lag 4-6 gongar i året og diskuterer aktuelle problemstillingar. HTV i Nordfjord har eit godt samarbeid seg imellom, noko som kjem til nytte i fleire samanhengar.



Her ser de HTV frå Stad, Bremanger og Kinn samla. HTV ifrå Stryn var ikkje til stades.

## Her kan du bli litt betre kjend med oss i styret



**Leiar i Fagforbundet Gloppen  
/ Yrkesseksjonsleiar for kontor og administrasjon  
Gunnvor Sunde**

Kven er du?

Gunnvor, godt gift, mor til fem og besta til to småjenter. Bur på ein solfylt plass på Breim.

Kva yrke/utdanning har du?

Fagbrev som kokk og har stort sett jobba på kjøken både hotell/restaurant og institusjon.

Har i seinare år teke høgskule -og universitets utdanning innan psykologi og coaching.

Kva ynskjer du å oppnå i vervet ditt som seksjonsleiar og leiar for Fagforbundet i Gloppen?

Som leiar i Fagforbundet ønskjer eg å bidra til lønsutjamning mellom yrkesfag og allmennfag og meir fokus på lærlingar og å kunne ta fagbrev på jobb.

Er det andre saker du brenn for?

Det er viktig at alle har ein jobb med ei løn å leve av, og at ein trivst på jobb.



**Nestleiar i Fagforbundet Gloppen  
/ Fane2 ansvarleg  
Anne-Grete Hoddevik**

Kven er du?

Anne-Grete Hoddevik, engasjert dame med mange jern i ilden.

Kva yrke/utdanning har du?

Eg er hjelpepleiar og arbeider i Heimetenesta på Sandane. Der har eg arbeida i over 20 år no, og trivst godt med både jobben og kollegaene mine.

Kva ynskjer du å oppnå i vervet ditt som nestleiar i Fagforbundet Gloppen?

Eg er oppteken av rettferdigheit og gode arbeidsvilkår for alle, og eg synes det er kjekt å få vere med å påverke.

Er det andre saker du brenn for eller ein hobby du likar?

Eg har vore tillitsvalt sidan 2006 og er i tillegg nestleiar og Fane2 ansvarleg for Fagforbundet Gloppen. Eg set og i styret for LO i Nordfjord. Eg har og andre verv, så det er ikkje mykje lediggong.

Eg er elles so heldig og ha alle barnebarna i nærleiken og brukar sjølsagt ein del tid på dei, noko som er viktig for meg. Ikkje so mykje tid til andre aktivitetar, men har hus og hage og gardsbruk i Hoddevik, og det hender at eg strikkar litt innimellom.



**Yrkesseksjonsleiar for Helse og sosial (YSHS)  
Marie Evebø Sæthre**

Kven er du?

Eg er mor, Sandenser, bur på Breim, gift, glad i dyr, alltid litt tøys på lur.

Kva yrke/utdanning har du?

Eg er hjelpepleiar med vidareutdanning i psykisk helsefag. Eg arbeider i miljøarbeidartenesta, og trivast veldig der.

Kva ynskjer du å oppnå i vervet ditt som seksjonsleiar?

I Fagforbundet Gloppen er eg seksjonsleiar for helse og sosial, og styremedlem. Eg arbeider for at medlemmane skal få det dei har krav på i høve regelverket, og for å få fram at vi er sterkare saman.

Er der andre saker du brenn for?

Eg brenn for å få fram gleda i kvardagen. Å få fram smil og gode opplevingar gjev glede.



**Yrkesseksjonsleiar for Samferdsel og teknisk (YSST) / kasserar  
Christa Linders**

Kven er du?

Hei, eg heiter Christa Linders, eg bur saman med mannen min Fer og hunden vår Cooper i Reed, der er veldig fint å bu (synes eg). Eg er stolt forelder til 21 år gamle Baukje, som studerer juss i Molde, og min 19 år gamle son Melvin, som tar en mastergrad i lærarutdanning i Hamar.

Kva yrke/utdanning har du?

Eg arbeider som reinhaldar hjå Gloppen kommune.

Kva ynskjer du å oppnå i vervet ditt som seksjonsleiar?

Eg håpar å kunne bidra og kanskje gjere ein forskjell her og der i det daglege arbeidslivet til kvar enkelt av oss. Korleis,.....det finner eg framleis ut av....

Er det andre saker du brenn for, eller ein hobby du likar?

Eg likar å lage mat, ha det gøy og nyte det gode liv.



**Opplæringsansvarleg/leiar i valnemnda  
Kjartan Henning Verlo**

Kven er du?

Kjartan 45 år. Eg er ein open og livleg person. Opphavelog kjem eg ifrå Sogn, eg budde nokre år i Bergen, før eg flytta til Sandane i 2013. Eg har familie og fire born.

Kva utdanning/yrke har du?

Eg er utdanna hjelpepleiar, og arbeider som miljøarbeidar i miljøtenesta i Gloppen. Ved sidan av jobb, er eg no i gong med ei vidareutdanning.

Kva ynskjer du å oppnå i vervet ditt som opplæringsansvarleg?

Eg melde meg inn i Fagforbundet fordi eg ville vere med å arbeide for likestilling i arbeidslivet og for meir fokus på helsefag. Eg er engasjert og ynskjer å fortsetje mitt arbeid i Fagforbundet.

Er det andre saker du brenn for, eller ein hobby du likar?

Eg brenn for at menneske må vere i sentrum. Når det gjeld hobby, så er eg glad i friluftsliv og hagearbeid, fruktdyrking og fiske. Eg har ei hytte i Sogn, og brukar mykje av tida mi der.



**Ungdomstillitsvalt/vikarierande leiar for yrkesseksjon Kyrkje, kultur og oppvekst  
Simone Elisabeth Contreras Morken**

Kven er du?

Eg er Simone og er 30 år ung. Eg bur på Byrkjelo med min mann og mine tre born. Likar å sjå på meg sjølv som ei sprudlande jente/dame, men det kjem vel heilt an på kven du spør

Kva yrke/utdanning har du?

Eg er utdanna lærar og arbeider på Breim skule som kontaktlærar på 7.trinn.

Kva ynskjer du å oppnå i vervet ditt som ungdomstillitsvalt i styret?

Eg ynskjer å få på plass eit godt tilbod for ungdommen i Fagforbundet. Kjekke aktivitetar, sosialisering men eg vil og sørge for at ungdommen vert klar over sine rettigheter og kva godar som ligg i medlemskapet.

Er det andre saker du brenn for, eller ein hobby du likar?

Eg brenn for at både born/ungdom og vaksne får gode arbeidsvilkår og eit godt arbeidsmiljø. Eg brenn for inkludering og likestilling innanfor skule, i arbeidslivet og elles i samfunnet.

Hobby.. eg har eigentleg ikkje tid til noko hobby, men eg likar å danse litt innimellom husvasken.





**Pensjonist og -ufør tillitsvalt  
Bjørg-Vigdis Sivertsen**

Kven er du?

Bjørg-Vigdis snart 65år.

Kva yrke/utdanning har du?

Eg var ferdig utdanna som hjelpepleiar i 1979.

Kva ynskjer du å oppnå i vervet ditt som pensjonist -ufør tillitsvalt?

Eg har eit år igjen i vervet, og ynskjer å få til ei samling for denne gruppa ein gong i løpet av året.

Er det andre saker du brenn for, eller ein hobby du likar?

Eg likar å strikke, brodere og brukar mykje av tida på mine 5 barnebarn.



**HTV for KS område, styremedlem/sekretær  
Tone-Kristin Morken**

Kven er du?

Eg er ei dame som opphavelig kjem utan ifrå kysten, men eg har budd i Gloppen i 23 år. Eg bur på eit lite småbruk inne i Høyfjorden. Eg har to vaksne born ein son og ei dotter og i tillegg har eg tre barnebarn, to jenter og ein gut. Eg er glad i dyr og er ein kreativ person med mange interesser og alt for lita tid.

Kva yrke/utdanning har du?

For tida er eg frikjøpt HTV i Gloppen kommune. Eg er utdanna og har arbeida som aktivtør i ei årrekke. Eg har tidlegare arbeida både i barnehage, i skule/SFO og som pleiemedarbeidar på helg.

Kva ynskjer du å oppnå i vervet ditt som HTV og som medlem i styret ?

Som HTV er det viktig å følgje med på at lov og avtaleverket vert følgt. Det er viktig å sørge for eit godt trepartssamarbeid i kommunen gjennom å involvere tillitsvalte og medlemmar. Eg ynskjer å vere med på å bidra til at Gloppen kommune vert ein arbeidsstad der alle arbeidar saman som eit team på tvers av yrkesgrupper. Eg vil arbeide for at vi får ein inkluderande og tillitsbasert arbeidsstad.

I styret vil eg vere ein pådrivar for at vi må verve nye medlemmar gjennom auka aktivitet i avdelinga, arbeidsstadbesøk, klubbmøter mm.

Er det andre saker du brenn for?

Eg har eit sterkt engasjement for dei som fell utanfor, for dei som av ulike grunnar ikkje vert forstått, for dei som slit med å klare seg økonomisk, og for dei som ikkje får rett helsehjelp. Eg brenn for eit meir likeverdig samfunn.



### 1. Vara til styret/set i valnemnda Sølvi Austrheim

Kven er du?

Eg er Sølvi og er pensjonisten som valte å gå attende i jobb som fagarbeidar i Austrheim barnehage, der eg no jobbar som vikar.

Kva yrke/utdanning har du?

Fagarbeidar, Barne -ungdomsarbeidar

Kva ynskjer du å oppnå i vervet ditt som vara i styret?

Fagforbundet gjer ein god jobb for oss medlemmar, eg ynskjer å bidra i dette arbeidet.

Er det andre saker du brenn for, eller ein hobby du likar?

Då eg vart pensjonist, følgde eg draumen min og byrga på Yogalærer utdanning.



### 2. Vara til styret Ksenija Presern

Kven er du?

Eg er opphavleg frå Slovenia og er i min beste alder. Bur i Breim og har godt humør, men når norsk er ikkje morsmålet, vert vitsar ofte mission impossible. Eg har ei dotter og ein son som begge har flytta ut. I heimen har eg godt selskap med mannen min og ein liten hund.

Kva yrke/utdanning har du?

I Slovenia fullførte eg vidaregåande skule (gymnas). Her arbeider eg som reinhaldar. Eg er og verneombod for gruppa vår.

Kva ynskjer du å oppnå i vervet ditt som vara medlem i styret?

Eg vart valt inn i styret i år, som 2. vara. Her er det mykje å lære og eg ynskjer å bli i styret med dei kjekke folka så lenge som mogeleg.

Er det andre saker du brenn for, eller ein hobby du likar?

Hobbyen min om sommaren er reise og å gå på tur. Eg elska å være i naturen og derfor har vi kjøpt oss Camp-let, litt luksus må ein ha. Men i den lange mørke vintertida, trivast eg med puslespel, spesielt når eg kjem til dei siste betane og alle er av det same fargen.

## Konkurransen

Følg kyllingane, kva vår song skjuler seg i kryssordet? Send løysinga til [fagforbundet@gloppen.kommune.no](mailto:fagforbundet@gloppen.kommune.no) innan 20.05.23 og du vert med i trekninga av fine gevinstar. Løysinga på kryssordet og vinnarane vert gjort kjent i neste utgåve av bladet.



Vannrett:

- 3. Snø
- 7. Kort bukse
- 10. Palmegrein
- 11. Idrett
- 12. Vår
- 13. Sjokolade
- 14. Blome
- 15. Kjensle
- 16. Påskeegg
- 17. Gutenamn
- 19. Det spirer og..
- 20. Ikkje då
- 21. Vaknar
- 22. Art
- 23. Skogholt
- 25. Sukk
- 27. Frelst
- 28. Ikkje lukke

Loddrett:

- 1. Jentenavn
- 2. Mysterium
- 4. Høne baby
- 5. Hoppar
- 6. Vår teikn
- 8. Brus
- 9. Best
- 11. Middagsrett
- 18. Grisen
- 24. Saft
- 26. Pause
- 29. Vinteraktivitet
- 30. Stress
- 31. Til frokost
- 32. Vi
- 34. Prinsessa og heile..
- 36. Både..
- 38. Tal
- 39. Heks
- 40. Ikkje kokt
- 41. Hastverk
- 42. Flire
- 47. Ikkje eg..
- 49. Rydde

## Plan for våren og forsommaren 2023

- Yrkesseksjonsleiarane våre skal i løpet av våren 2023 ha besøkt alle aktuelle arbeidsstadar i saman med tillitsvalte ute. Det vert då anledning til å slå av ein prat, kome med spørsmål og innspel i høve yrkesfaglege tema, eller ynskje om kurs.
- Heile styret skal i løpet av våren ha teke kurset «Heile styret i arbeid».
- Avdelinga ha fleire tillitsvalte som vert tilbydd Fase1 kurs, tillitsvaltopplæring denne våren.
- I mai månad planlegg vi å invitere lokalpolitikarane våre til «Speakers corner» eller kanskje det vert panel debatt? Det er lokalval til hausten, og vi vil gjerne stille våre framtidige arbeidsgjevarar nokre utvalde spørsmål. Vi vil og setje av litt tid til at tilhøyrarane skal kunne stille spontane spørsmål og gjerne seie litt om sin arbeids- og/eller livssituasjon.
- I juni markerer vi Fagforbundsveka med å besøke utvalde arbeidsstadar med stort vervepotensial. Det vil kome ut meir informasjon kring dette etter kvart.

Marie Evebø Sæthre har allereie besøkt fleire arbeidsstadar innanfor yrkesseksjon helse og sosial denne våren. Bilda nedanfor er tekne i høve arbeidsstadbesøk i miljøarbeidartenesta.



## 28. og 29. mars vart Fylkesmøte i Fagforbundet arrangert.

Gunnvor Sunde og Tone-Kristin Morken deltok ifrå Fagforbundet Gloppen. Det var mange gode innlegg og debattar på fylkesmøte. Ørjan Myrmel vart gjenvalt som leiar for Fagforbundet Vestland og Rita Jordal vart gjenvalt som nestleiar. Vi fekk eit hyggeleg gjensyn med tidlegare leiar i Fagforbundet Vestland Ralf Einar Johannesen. Han bidrog i kjent stil, med song og musikk noko som bidrog til god stemning. Under middagen heldt han fine takke taler for Nestleiar Kari Daltveit og regionsekretær Bjørn Hatlelid, som begge har vore sentrale i skikkelsar i Fagforbundet Sogn og Fjordane og seinare Fagforbundet Vestland.



### Viktig!!

Det er viktig at du som medlem gjev oss beskjed dersom du endra adresse, telefon nummer eller arbeids stad. Gje og beskjed om du skal endre medlemskategori, døme arbeidsledig, ufør, pensjonist mm. Dette vert ikkje fanga opp om du som medlem ikkje gjev beskjed

**Følg oss gjerne på Facebook: Fagforbundet Avd.297 Gloppen eller på heimesida vår**

<https://www.fagforbundet.no/fagforeninger/vestland/avd297/>

## Til deg som endå ikkje er organisert!

Viste du at Fagforbundet er landets største fagorganisasjon og at vi organiserer om lag 180 ulike yrkesgrupper?

- Som medlem får du profesjonell hjelp ved usaklig oppseiling, yrkesskade eller brot på tariffavtala.
- Som medlem får du Norges beste innbo forsikring
- Fagforbundet har ei stipendordning for etter og vidare utdanning, tilbod om fagleg utvikling, temadagar og kurs.
- Fagforbundet i Gloppen dekkjer inntil 3000,- kroner i året per medlem, for kortare yrkesretta kurs og konferansar.
- Fagforbundet i Gloppen gjev 6000,- kroner til yrkesaktive medlemmer som består Fagprøva. Ein må ha vore yrkesaktiv medlem i minimum seks månadar i Fagforbundet Gloppen for å nytte seg av dette.
- Fagforbundet Gloppen arrangerer klubb og medlemsmøte gjennom året. Vi har mellom anna ein årleg medlemstur og vi besøker arbeidsstadar.
- Vi har eigen tillitsvalt for pensjonistar og uføre, og ein eige tillitsvalt for våre unge medlemmar. Desse arrangerer eigne tilstellingar gjennom året, som lunsj møter eller ungdomssamlingar.
- Som yrkesaktiv betalar du 1,20% av lønna di. I tillegg kjem innbu forsikring, stønadskassa og OUO fond, til saman 124 kroner i månaden. Studentmedlemskap 250,- kr. I halvåret, elev medlemskap gratis, (250,- kr. Halvåret med LO favør innbu forsikring.) Ring gjerne 979 91 046 om du vil vite meir.

**Vi håpa at du vil bli ein av oss.  
Scann QR koden og bli medlem!**

